



Aktivitetshuset er ilagt ein eigedomsskatt på vel 33.000 kroner, men får truleg fritak, melder Grenda.

Prosjektleiari Johan Feet trur ikkje at huset får noko problem med å søkja om fritak fordi det er registrert som aksjeselskap.

Feet er positivt innstilt til fritak, som det skal søkjast om før utgangen av mars. Intensjonen er også å gje førstegongsetablerarar fritak.

Kommunestyret har sagt at lag og organisasjonar er fritakne frå eigedomsskatt. Leiari Bjørn Olav Tveit seier at det vert trasig for huset og andre leietakarar dersom dei får denne byrda. Huset vert drive utelukkande på dugnad, ingen tek imot løn og ingen tek ut utbytte.

Oppvekstsenteret nyttar hallen og dei største leietakarane elles er idrettslaget og skulemusikken. Hvis huset må ut med 30.000 i eigedomsskatt betyr det at dei må ha inn 30.000 meir i leigeinntekter. Og det betyr igjen at fleire må jobba meir for å få inn meir pengar.